

Austrheim kommune

5943 AUSTRHEIM

AUSTRHEIM KOMMUNE

Komm.nr.: 1264

15 MAI 2013

Saksnr.:

J.nr.:

Kopi:

12/862

3576-6

Saksh.:

Arkiv:

700

F39

Postadresse:  
Postboks 159  
Sandviken  
5812 BergenBesøksadresse:  
Sandbrogaten  
5/7Internett:  
[www.imdi.no](http://www.imdi.no)E-post:  
[post@imdi.no](mailto:post@imdi.no)Sentralbord:  
24 16 88 00Telefaks:  
24 16 88 01Org.nr:  
987 879 696Bankkonto:  
7694.05.12693**Ver venleg og distribuer brevet til:**Ordfører  
Rådmann

DERES REF

VÅR REF

12-01732-3.KAK

DATO

14.5.2013

**Oppmoding om busetting av flyktingar i 2014-2016**

**IMDi ber Austrheim kommune om å ta imot minst 15 nyss komne flyktingar for busetting i 2014. I tråd med prognosane for utlendingsforvaltninga, ber vi samstundes om at minst 10 nyss komne flyktingar får busette seg i kommunen din kvart år i 2015 og i 2016. Det er òg mogleg for kommunen å ta imot fleire flyktingar enn det talet IMDi oppmodar om.**

Det er i dag om lag 4 400 personar i asylmottak med lovleg opphaldsløyve som ventar på å få flytte til ein kommune. 700 av desse er born i familiar.

IMDi oppmodar kommunane i Noreg om å busette til saman 10 000 flyktingar i 2014, og 9 000 for kvart år i 2015 og 2016. Det er grunn til å tru at talet på flyktingar som skal busettast i Noreg vil halde seg stabilt i åra som kjem.

Tilskota til busettings- og integreringsarbeidet i kommunane utgjer 7 milliardar kroner i 2013. Meir informasjon om ulike økonomiske verkemiddel ved busetting av flyktingar kan finnast på IMDi sine heimesider <http://www.imdi.no/no/Tilskudd/>

Å finne eigna bustad til flyktingar kan vere ei utfordring. Det er avgjerande at kommunane sine vedtak om busetting følgjast opp gjennom bustadplan og aktiv bruk av Husbanken sine ordningar. I bustadmeldinga varslar regjeringa at det kan gjevast inntil 40 pst utmåling av tilskot til utleigebustader for flyktingar og andre grupper som er prioriterte. Husbanken i din region kan kontaktast v/ regiondirektør Mabel Johnsen på tlf. 91132109 Sjå også <http://www.imdi.no/372>

IMDi har kome fram til oppmodingstala for kvar kommune i samarbeid med KS. IMDi oppmodar til saman 360 kommunar om å ta del i busettingsarbeidet i åra framover. Dagens busettingsmodell er ein "solidaritetsmodell". Dette tyder at om éin kommune som blir oppmoda om å busette flyktningar svarar nei, eller fattar vedtak som er lågare enn IMDi's oppmoding, må talet på flyktningar delast på resten av busettingskommunane.

IMDi er avhengig av presise vedtak for tal på flyktningar som skal busettas, slik at vi slepp vedtaksformuleringar som gjer det uklart kor mange flyktningar kommunen faktisk kjem til å ta imot. IMDi ber om at det ikkje lages vedtak som inkluderer personar med familieinnvandringsløyve eller på anna vis gjer det vanskeleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Vedtak må fattast utan atterhald. Alle vedtak er bindande.

For å legge til rette for jamn og føreseieleg busetting i årene 2014-2016, ber vi om kommunens svar på oppmodinga innan **30. oktober 2013. Vi ber samstundes kommunen om å vurdere om det er mogleg å auke vedtaket for inneverande år.** Auka busetting er naudsynt for å hindre at talet på personar som venter i asylmottak aukar ytterlegare.

Ta kontakt med Kaare-Andreas Krog, [kak@imdi.no](mailto:kak@imdi.no), 90360502. i IMDi Vest om de ynskjer meir informasjon om oppmodinga, eller busetting av flyktningar generelt.

Ver venleg og send vedtaket skriftleg til IMDi Vest og på e-post til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) med kopi til KS v/Nina Gran; [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no).

Vi ser fram til eit vidare godt samarbeid med Austrheim kommune!

Med venleg helsing  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

*Føl*  
*Halvare Ibonatien*  
Ohene Aboagye  
regiondirektør

*Kaare-Andreas Krog*  
Kaare-Andreas Krog  
seniorrådgjevar

## Vedlegg

### Nærare om bakgrunnen for oppmodinga

Ved utgangen av februar var det om lag 4 400 menneske i asylmottak med lovleg opphald og som venta på å få flytte til ein kommune. I tillegg får om lag 600 personar vedtak om opphald kvar måned. Til samanlikning vart det i snitt busett 480 personar kvar måned i 2012.

Personar som har fått innvilga opphaldsløyve etter søknad om asyl/opphald på humanitært grunnlag og overføringsflyktningar, busettast som hovudregel etter avtale med kommunane. IMDi har ansvaret for å finne busettingskommunar til desse.

Hovudårsaka til auka i talet på flyktningar som skal busettast, er at ein større del av asylsøkarane som kjem til Noreg har eit reelt tryggingssbehov og fyller vilkåra for flyktningstatus. Samstundes bygger UDI ned restansar ved å fatte fleire vedtak raskare. Talet på busettingsklare flyktningar i dei statlege mottaka er difor i ferd med å auke. Historisk sett har talet på personar i mottak som ventar på busetting lege på rundt 1 000-1 500. Talet har no vakse til om lag 4 400 personar. Medan einslege mindreårige busettast raskare enn tidlegere, er ikkje tempoet i busettinga høgt nok for det aukande talet på vaksne flyktningar i mottaka. Lang ventetid før busetting i ein kommune har store menneskelege og økonomiske kostnader.

Basert på prognoser over kor mange flyktningar det er naudsynt å busette komande år, fastsetter eit nasjonalt utval frå stat og kommunesektoren kor mange flyktningar kommunane totalt skal oppmodast om å busette. Dernest avgjer IMDi saman med KS kort mange flyktningar den einskilde kommune skal oppmodast om å busette. Den einskilde kommune fattar vedtak om *kor mange* flyktningar som skal busettast komande år. IMDi finn eigna kommune for den einskilde flyktning innanfor dei disponible kommune plassane. Det vil vere ansvaret til busettingskommunen å skaffe eit butilbod som svarer til den demografiske fordelinga i mottak. Ut frå det kommunale busettingsvedtaket må det difor planleggast med utgangspunkt i at 69 % vil vere einslege vaksne.

Nasjonalt utval for mottak og busetting fastsette i april 2012 at måлтаlet for busetting av flyktningar i 2013 skulle vere 8 000. Kommunane hadde ved utgangen av februar 2013 fatta vedtak om ca. 6 200 kommune plassar, derav 400 plassar for einslege mindreårige. For at alle skal verte busette, trengs det fleire busettingsplassar.

Kommunane har dei siste åra gjort ein sær god jobb med å busette flyktningar. Busettinga i kommunane var på 6 087 personar i 2009, 5 766 i 2010, 5 486 i 2011 og 5 842 i 2012. Busettinga av einslege mindreårige var særskilt høg med 606 personar i 2009, 671 i 2010, og 629 i 2011. I 2012 blei 471 einslege mindreårige busett grunna eit noko redusert behov.

Busetting av flyktningar er ein permanent kommunal oppgåve, sjølv om talet på dei som skal busettast vil variere frå år til år. Busettingsarbeidet må akkurat som andre kommunale oppgåver inn i faste og planlagte former, basert på fleirårige vedtak og plantal.

Det er eit prinsipp at flyktningar skal busettast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod, irekna introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap til dei som busettast, slik at dei kan kome i arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Noregs internasjonale avtalar inneber å ta imot menneske som er utsatt for forfølgning i sine heimland. Busetting av flyktningar er ikkje berre ein humanitær oppgåve. Flyktningar utgjer også ein ressurs. Næringslivet i mange kommunar vil trenge meir arbeidskraft i åra som kjem. Gjennom gode kvalifikasjonsprogram, kan kommunar skreddarsy kompetanse som arbeidslivet treng.

Ein monaleg del av dei vaksne flyktningane er einslege på busettingstidspunktet, medan ein del av dei kan ha familie i heimlandet som kan ventes å kome til Noreg. At fleire flyktningar får familien sin til landet vil vere positivt for integreringa og kan bidra til folketalsutvikling, men kan og innebere utfordringar med bustad og kapasitet i kommunane. IMDi tilrår difor at kommunen planlegger i tråd med dette i tillegg til det talet kommunen vert oppmoda om å busette.

IMDi hjelper gjerne med ulike tiltak saman med samarbeidspartnarane våre for å legge til rette for busetting. Dette inkluderer:

- Langsiktig planlegging av busettingsarbeidet; samarbeidsavtalar med IMDi og Husbanken, fleirårige vedtak og kvartalsvis busetting.
- Tilgjengelege tilskot frå staten som er meint å dekke kommunale kostnader ved busetting og integrering av flyktningar (integreringstilskot, norsktilskot, særskilt tilskot for einslege mindreårige, ekstratilskot for funksjonshemma, Husbankens bustadsfinansieringsordningar mv).
- Prioritering av tilskot til utleigebustadar innanfor dagens budsjett.
- Større og meir fleksibel bruk av Husbankens startlån.
- Profesjonell bruk av den private leigemarknaden, kor dette kan sjås som ei parallell løysing til bruk av kommunale bustader ved busetting av flyktningar.

Meir utfyllande informasjon om tilskotsordningar, rundskriv med meir i samband med busetting av flyktningar, kan finnast på IMDi sine heimesider: [www.imdi.no](http://www.imdi.no).